



Kinn kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 57 64 31 21

Oversending av løyve til avslutting og krav til etterdrift av avfallsdeponi

Vi viser til utsleppsløyve til Vedvik avfallsdeponi frå 14.4.2008. Deponering av avfall opphøyrd i 2009 og arealet har sidan vorte delvis dekt til og nytta til andre føremål. Kinn kommune har fått utarbeidd plan for avsluttingstiltak og etterdrift av deponiområdet.

Vi behandlar plan for avslutting og etterdrift frå 7.10.2022 som søknad om tiltak som inneber avfallshandtering. Kommunen avklarte den 15.6.2023 at punktet i dokumentet om reetablering av motorcrossbane vert trekt.

1 Vedtak

1.1 Løyve til avsluttingstiltak

Kinn kommune får løyve til å gjennomføre avsluttingstiltak der det om nødvendig kan nyttast eigna, avfallsbasert masse, sjå vedlagte dokument. Vedtaket er gjort med heimel i § 11, jf. § 16 i forureiningslova.

1.2 Saksbehandlingsgebyr

Vedtaket etter § 11 i forureiningslova utløyser gebyrplikt for sakshandsaminga, jf. kap. 39 i forureiningsforskrifta. For behandlinga etter § 11 har vi vurdert at medgått ressursbruk tilsvarar gebyrsats 7 i § 39-4. Kinn kommune må etter dette betale kr. 18 700,- til staten. Gebyret vil verte kravd inn av Miljødirektoratet.

1.3 Krav til etterdrift

Etter gjennomførte avsluttingstiltak skal avfallsdeponi driftast i minimum 30 år (rekna frå 2010). Statsforvaltaren fastset med dette oppdaterte krav til etterdrift av deponiet, sjå vedlagte dokument. Vedtaket er gjort med heimel i § 20 og § 7 fjerde ledd i forureiningslova.



2 Bakgrunnen for saka

Kinn kommune (tidlegare Vågsøy kommune) har drive avfallsmottak/-deponi på staden sidan 1984. Det var dels ukontrollert deponering, og fram til 1993 vart det meste avfallet brent – dels i enkel forbrenningsomn, dels i eit gitterbur. Brannrestane vart deponert. Vågsøy kommune fekk løyve etter forureiningslova til kontrollert mottak og deponering av avfall 14.8.1991. Kapasiteten var rekna ut å kunne vere maksimalt om lag 175 000 m³. Ordinær deponering av avfall og drift vart avslutta i 2009. Om lag 75 000 m³ avfall og dekkmassar var til då deponert/utfyllt. Deponiet vart i si tid etablert utan botntetting. Etter reglane som kom i 2003 måtte deponiet ha etablert tilstrekkeleg botntetting innan 2009 for å kunne halde fram med deponering. Statsforvaltaren (dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) godkjente ikkje vidare deponering etter 2009, og vedtak om dette vart stadfesta i klageavgjerd av Miljødirektoratet (den gong «Statens forurensningstilsyn) 27.11.2007. Endra løyve vart vedteke 14.4.2008 som galdt fram til 2009 då mottak av avfall opphørde. I løyvedokumentet frå 2008 var det krav om fleire tiltak ved avslutting og etterdrift. Området har i dag eit delvis tildekkingslag, men det er også avfall i dagen. Delar av området har seinare vore brukt til lagring av avfall, og delar av overflata har i vore nytta til motorsport. Deponiet skal no formelt avsluttast og løyve skal erstattast med krav til avsluttingstiltak og etterdrift inntil det ikkje er nemneverdig fare for helse og miljø.

Kinn kommune har fått utarbeidd plan for avslutting og etterdrift som vi har lagt til grunn for nødvendige krav. Kravdokumentet følgjer med som vedlegg til dette skrivet.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Krav i samband med nedlegging og etterdrift byggjer på reglane i vedlegg III til kap. 9 i avfallsforskrifta og § 20 i forureiningslova. Krav til nødvendige tiltak er i det vesentlege gitt i medhald av § 7 og § 16 i forureiningslova. Ved vurdering av krav har vi særleg sett på i kva grad utslepp og miljøulempar er akseptable sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova. Alle krav i vedlegg III til kap. 9 er ikkje inntatt i vedlagte kravdokument og den ansvarlege må setje seg inn og drifte deponiet etter alle relevante miljøkrav.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for vår forvaltning. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.



Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Ramme for etterdriftstida er som utgangspunkt sett til 30 år, i samsvar med omtale i § 9-10 i avfallsforskrifta. Etterdriftstida kan verte utvida dersom deponiet framleis utgjer ein forureiningsfare.

Forureining frå deponert avfall er venta å avta mykje i etterdriftstida. Krava til tiltak og overvaking av miljøtilstanden er vurdert som nødvendige og tilstrekkelege for å kunne verne om miljøet og dokumentere utvikling av påverknad frå deponiet. Tilstand og drift førre år vert rapportert til Statsforvaltaren og data vert tilgjengeleg for innsyn frå ålmenta.

Det er observert framande, skadelege artar (sjå artsdatabanken.no) på og ved avfallsområdet. Det er difor sett krav for å fjerne og hindre slik etablering i etterdriftstida. Ny, forureinande aktivitet på staden er ikkje planlagt, og det er ikkje nødvendig med ny vurdering etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova.

Påverknaden på vassførekomsten vil verte redusert – truleg mykje, i etterdriftstida. Vi vurderer at med dei tiltak og krav som er sette, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømålet for vassførekomsten kan nåast.

Vi har konkludert med at krav til tiltak og drift i avsluttings- og etterdriftstida er akseptable sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2.

3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

3.2.1 Ansvar og praktisk oppfølging

Kinn kommune er ansvarleg for oppfølging av krava omtalt i dette dokumentet og for oppfølging av forureining frå området. Den ansvarlege kan leige inn andre (personar eller firma) til praktiske gjeremål i samband med oppfølging av krav, men er likevel ansvarleg i høve til Statsforvaltaren for oppfølging og rapportering.

3.2.2 Rammer (punkt 1 i kravdokumentet)

Avfallsregelverket skil mellom avfall som må «deponerast» og avfall som kan «gjenvinnast». Deponering av avfall er ikkje lenger tillate. I samband med avsluttingstiltak kan den ansvarlege likevel vurdere å nyttiggjere eigna avfall eller avfallsbasert masse som del av avsluttingstiltak. Etter avsluttingsfasen kan anlegget ikkje lenger handtere avfall eller nytte avfall/avfallsbasert masse til tiltak utan etter særskilt løyve frå Statsforvaltaren. Tilført masse i etterdriftsfasen må difor vere reine naturlege massar under normverdi (gjeld både mineralmasse- og organisk jord der eventuelt innhald av helse- eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiar for forureina grunn som er gitt i vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta). Dersom det er grunn til å tru at tiltenkt masse kan vere forureina, må innhaldet analyserast. Masse frå eventuelt registrert lokalitet i databasen Grunnforurensning må alltid analyserast.



Merk at reglane i kap. 2 i forureiningsforskrifta ikkje gjeld for eventuelle terrenginngrep som må gjerast på eller ved forureina grunn her. Eventuell søknad om terrenginngrep (t.d. behov for utfylling, graving av grøft, oppsett av bygg m.m.) må difor søkjast om til Statsforvaltaren, som vil avgjere saker etter reglane i forureiningslova.

3.2.3 Internkontroll (punkt 2.5 og 7 i kravdokumentet)

Den ansvarlege for avsluttingstiltak og etterdrift må dokumentere etterleving av krav i vedlagte dokument og krav som elles følgjer av forureiningsregelverket i samsvar med internkontrollforskrifta. Særskilt viktig er krav til dokumentasjon som følgjer av § 5 i denne forskrifta. Presisering av og utdjupeing av krav til miljørisikoanalyse og internkontroll er difor omtalt i kravdokumentet.

3.2.4 Opprydding (punkt 3 i kravdokumentet)

På området står ulike typar avfall. Oppbygging av areal over deponert avfall er ikkje i samsvar med tidlegare løyve. Krav til toppdekke og etterdrift av areal med deponert avfall er dels gjenteke i vedlagte kravdokument, og dels presisert/utdjupa. Før avsluttingstiltak vert starta opp må installasjonar/gjenstandar/avfall som ikkje kan nyttast vidare i avsluttings- eller etterdriftsfasane ryddast opp i. Lagring av avfall er ikkje tillate utan etter særskild avklaring/løyve frå Statsforvaltaren. Gjenstandar/installasjonar som vert brukt/nyttiggjort i etterdriftstida skal fjernast ved endeleg nedlegging med mindre det har nytte ved framtidig arealbruk.

3.2.5 Krav til toppdekke (punkt 3.2 i kravdokumentet)

Delar av arealet er no nytta til motorsport. Etter vårt syn vil bruk av forbrenningsmotor oppå deponi med faktisk/fare for utslepp av deponigass utgjere ein risiko for eksplosjonsfare. Sannsynsrisikoen kan vere liten, medan konsekvensrisiko kan vere stor. Kommunen har gitt melding om at reetablering av slik aktivitet ikkje er aktuelt. Dersom det er behov for å kunne utnytte delar av arealet til lagringsføremål eller liknande, har vi opna for at på delar av arealet kan toppdekket byggast opp med fast dekke som øvste lag. Dette laget bør bestå av asfalt eller betong, men kan også vere bygt opp av køyrestærkt lausmassedekka som ligg oppa eit tetttingslag og drengslag som leiar eventuell deponigass til oksidasjonslag.

Hovudføremålet med toppdekket er omtalt under punkt 3.1.1 i kravdokumentet. Oppbygging og utforming skal sikre både tiltenkt etterbruk, og at forureining ikkje trenger gjennom topplag og utgjere nokon fare for helse og miljø. Krava skal sikre at overflata på toppdekke ikkje vert endra som følgje av nedbryting av deponert avfall. Vedlikehaldet skal sikre at det ikkje vert depresjonar, erosjonsgrøfter, feil fall m.m. Mindre justeringar av utforming kan kome på tale dersom føremålet med topplaget vert stetta.

Topplaget på denne staden skal vere minimum 1 m over deponert avfall. Der detaljplanlegging vurderer fare for utslepp av deponigass, må oksidasjonslag verte etablert. Dette er særleg aktuelt på utvalde stader (skråningar, spesielle unnsleppingspunkt, areal med vegetasjonsdekke). Detaljplanlegging og risikovurdering vil avgjere kor det er aktuelt med oksidasjonslag. Eigna lag må etablerast etter tilgjengeleg materiale og erfaring frå kompetent rådgjevar. Gode resultat når det gjeld oksidasjonslag har vore vist ved bruk av behandla avløpslam eller bioavfall (våtorganisk avfall) iblanda eigna strukturmateriale frå tre/bark. Porevolumet bør vere meir enn 50 %. Massen (komposten) må vere godkjent som jordforbetningsmiddel. Dersom overflata skal nyttast til landbruksføremål, bør komposten tilfredsstillere krav til bruk på landbruksareal.



Vi har sett krav om at stader det skal etablerast vekstlag at dette ikkje må komprimerast (slik at infiltrasjon vert vanskeleggjort). Den ansvarlege må vurdere korleis slik jord kan leggest ut mest mogleg skånsamt. Tunge maskinar kan ikkje nyttast. Utlegging i rankar og spreining med lett gravemaskin på frose mark har vist seg å kunne vere aktuelt. Utlegging av tørr jord kan også vurderast. Den ansvarlege bør vurdere å gjennomføre utlegging i samråd med landbruksfagleg ekspertise.

I nedste laget kan det nyttast eigna forureina masse eller avfallsbasert masse. Merk at løyvet berre gjeld for nyttiggjering (ikkje sluttdisponering). Kriteria for bruk må difor også følge krava i forureiningslova § 27, 2. ledd punkt 1 – 5.

3.2.6 Overvatn og sigevatn (punkt 3.2 i kravdokumentet)

Vi har sett krav om å skilje så langt det er praktisk og teknisk mogleg reint vatn og forureina vatn. Det vil redusere faren for overfløyning i utsleppskummane og leggje mest mogleg til rette for eventuell reinsing av sigevatnet. Vi legg vidare til grunn at den ansvarleg mellom anna følgjer opp framlegga i Plan for avslutting og etterdrift (7.10.2023) som omtalar nokre tiltak slik:

- Etablere overflateform som gir best mogleg overflateavrenning
- Dekke til/skjule alt deponert avfall
- Avgrense og ha kontroll med alt sigevatn

Andre tiltak må også vurderast for å oppnå tilfredsstillande oppsamling og utslepp i samsvar med kravdokumentet.

3.2.7 Deponigass (punkt 3.3 og 4.3 i kravdokumentet)

Alle avfallsdeponi der det er biologisk nedbrytbart avfall (mellom anna «våtorganisk avfall») vil produsere «deponigass» (mellom anna metan) under anaerobe forhold. Metan er ein kraftig klimagass med verknad om lag 22 gongar høgare enn CO₂. Slik deponigass må difor behandlast ved fakling (omdanning til CO₂) så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg. På bakgrunn av innsendt plan for avslutting og etterdrift, og tidlegare tilsyn ved anlegget, er det her ikkje sett direkte krav om gassanlegg. Hovudtiltak mot eventuelle skadelege utslepp av deponigass vil kunne gjerast ved tilrettelegging av oksidasjonslag i toppdekket. Unnslepping av gass må overvakast og særskilte tiltak (tetting, oksidasjonsdekke) må setjast inn der måling av metan er nær nivå for eksplosjonsfarleg nivå (2,5 % som omtalt i pkt. 3.4 svarar til om lag 50 % av LEL-nivå (lower explosion level)). Den ansvarlege må vurdere frekvens for måling/gransking/vurdering av metanutslepp etter ei risikovurdering. Nokre stader kan det vere fleire gonger per år, men kan hende tilstrekkeleg kvart 3. år andre stader på deponiområdet.

3.2.8 Prøvetaking av vatn (punkt 5 i kravdokumentet)

Prøvetakinga av forureina vatn frå avfallsdeponi skal etter takast som blandprøvar på ufiltrert vatn, og skal vere representative for perioden sidan sist prøvetaking. I praksis har dette vore vanskeleg og teknisk utfordrande å gjennomføre, og til vanleg har prøvene vore tekne som stikkprøvar. Rett nok må nokre få parameter takast som stikkprøve, men i mange tilfelle kan dette gje vilkårleg store utslag for enkeltparameter og enkelte år.



Prøvetaking no bør takast i samsvar med tilrådingane i «*JRC Reference Report on Monitoring of Emissions to Air and Water from IED Installations*; EUR 29261 EN; doi 10.2760/344197»¹. I samråd med eksternt og uavhengig fagmiljø må det avgjerast om det skal takast tids- eller mengdeproporsjonale blandprøvar, og kva for tidsrom som er akseptabelt.

3.2.9 Rapportering (punkt 6 i kravdokumentet)

For deponi er det etablert nasjonal rapportering via www.altinn.no. I tillegg til dei spesifikke krava skal den ansvarlege leggje ved omtale av drift og utvikling av deponiet siste år.

3.2.10 Finansiell garanti

Det er ikkje stilt særskilt krav til finansiell garanti for kostnadsdekking i etterdriftstida. Kommunen er ansvarleg for å sikre tilstrekkeleg finansieringsgrunnlag for etterdriftstida. Dersom oppfølging av det nedlagte deponiet vert overført til privat part, må problemstillinga avklarast med Statsforvaltaren – under dette godkjenning av avsett tilstrekkeleg beløp for etterdriftstiltak.

3.2.11 Avslutning av etterdrift (punkt 4 og 8 i kravdokumentet)

Vi har definert etterdriftstida å vare i minimum 30 år rekna frå 2010. Det er no ikkje mogleg å slå fast om dette er tilstrekkeleg, eller om det vil ta lenger tid før deponert avfall ikkje lenger vert vurdert å medføre nemneverdig skade på miljø og helse. Eit særskilt faretema er utslepp av deponigass, jf. t.d. omtale i Miljødirektoratet sin rapport M1820/2020.

Avslutningsplanen omtalar at målsetting med arealbruken etter nedlegging er friluftsføremål, lagring av massar og motorsport. Motorsport er no teke ut av planen, medan lagringsføremål og liknande, på eigna dekke kan vere aktuell bruk på delar av arealet i etterdriftstida. Merk at vi ikkje har opna for permanente bygg på eller i randsona til deponiet før etterdriftstida er avslutta.

4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader om avslutning og etterdrift i samsvar med § 20 i forureiningslova. Saksgangen har så langt det er relevant følgd forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

4.1 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Forureining frå det deponerte anlegget vil verte redusert som følge av krava til tiltak. Tiltaka er i stor grad ei vidareføring og utdjuping av krav som vart vedteke i 2008. Førehandsvarsling er difor vurdert å vere unødvendig.

Utkast til vedtak er sendt til kommunen med uttalefrist 30.6.2023. Det har ikkje kome merknader til utkastet.

4.2 Overgang frå avsluttingsfase til etterdrift

Når driftsansvarleg meiner avslutningstiltak er gjennomført, skal det sendast melding til Statsforvaltaren i samsvar med § 9-15 i avfallsforskrifta. Meldinga må omtale tema nemnd i punkt 3.4 i kravdokumentet. Statsforvaltaren skal gjennomføre ein sluttinspeksjon på staden og vurdert om tiltaka kan godkjennast. Godkjenningsvedtaket kan omfatte tilleggskrav til avslutningstiltak og endringar i krav til etterdrift.

¹ <https://ec.europa.eu/jrc>



5 Klagerett

Kinn kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Sissel Storebø
fung. miljødirektør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

Krav til etterdrift

Norconsult 7.10.22. Vedvika deponi. Plan for avslutning og etterdrift



Løyve til avsluttingstiltak og krav til etterdrift av avfallsdeponi, Vedvik avfallsplass, Kinn

Løyve til avsluttingstiltak er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Krav i samband med etterdrift er gitt i medhald av forureiningslova § 20 andre ledd, og er utforma for minst å tilfredsstille dei generelle krava etter § 9-15 og vedlegg III i kap. 9 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan for avslutting og etterdrift av 7.10.22, og opplysningar framkome under behandlinga av saka.

Dersom Kinn kommune ynskjer å gjere endringar i enkeltkrav i dette dokumentet, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av krav eller verknad for miljøet, må saka avklarast skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

Nøkkeltal om eigedom og deponi

| | | | |
|-------------------------------------|---|---------------|----------------|
| Grunneigar | Kinn kommune | | |
| Stad | Skognesmyra | | |
| Deponikategori | 2 (ordinært avfall), jf. § 9-5 i avfallsforskrifta | | |
| Kommune og fylke | Kinn i Vestland | | |
| Gards- og bruksnr. | 326/85 | UTM midtpunkt | 296935 6881745 |
| Deponikategori ¹ | Kategori 2: deponi for ordinært avfall | | |
| Kategori for verksemda ² | 5.4. Fyllplassar som mottek over 10 tonn per dag, eller som har ein samla kapasitet på over 25 000 tonn | | |

Driftsansvarleg

| | | | |
|-------------------------------|-------------------------------------|--------------------|-------------|
| Driftsansvarleg | Kinn kommune ved Kinn Teknisk Måløy | | |
| Adresse, poststad | P.b. 294, 6701 Måløy | | |
| Org. nummer (føretak/eigd av) | 974 781 654 | Org.nr. (verksemd) | 974 573 210 |

Statsforvaltaren sine referansar

| | | |
|---------------------|---------------|------------|
| Registreringsnummer | Anleggsnummer | Saksnummer |
| 2023.0564.T | 4602.0181.01 | 21/6922 |

¹ Jf. avfallsforskrifta § 9-5

² Jf. forureiningsforskrifta kap 36, vedlegg 1



| | | |
|--|--|---------------------------------|
| Løyve/krav gitt første gong: 4.7.2023 | | Løyve/krav sist endra: - |
| Sissel Storebø fung. miljødirektør | | Gøsta Hagenlund sjefingeniør |

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Endringar |
|----------------|--------------|-------|-----------|
| | - | | |

Innholdsliste

| | | |
|----------|--|----------|
| 1 | Rammer | 4 |
| 1.1 | Generelt | 4 |
| 1.1.1 | Avslutningsfasen | 4 |
| 1.1.2 | Etterdriftsfasen | 4 |
| 1.2 | Arealbruk | 4 |
| 2 | Generelle krav | 4 |
| 2.1 | Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg | 4 |
| 2.2 | Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt | 5 |
| 2.3 | Plikt til førebyggjande vedlikehald | 5 |
| 2.4 | Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare | 5 |
| 2.5 | Internkontroll | 5 |
| 2.6 | Nærmiljø | 5 |
| 3 | Avslutningsfasen | 6 |
| 3.1 | Terrengoverflate | 6 |
| 3.1.1 | Toppdekke | 6 |
| 3.1.2 | Utforming med vegetasjonsdekke | 6 |
| 3.1.3 | Utforming med fast dekke | 7 |
| 3.2 | Overvatn og sigevatn | 7 |
| 3.2.1 | Reint overvatn | 7 |
| 3.2.2 | Sigevatn og forureina overvatn | 7 |
| 3.3 | Tiltak mot metanemisjon | 7 |
| 3.4 | Dokumentasjon | 8 |
| 4 | Etterdrift | 8 |



| | | |
|----------|--|-----------|
| 4.1 | Toppdekke | 8 |
| 4.2 | Overvatn og sigevatn | 9 |
| 4.3 | Tiltak mot metanemisjon..... | 9 |
| 5 | Kontroll og overvaking | 9 |
| 5.1 | Kontroll og overvåkingsprogram | 9 |
| 5.2 | Prøvetaking og analyse | 9 |
| 5.3 | Minimum omfang av analysar | 10 |
| 6 | Rapportering til Statsforvaltaren | 11 |
| 7 | Tiltak for førebygging og beredskap mot forureining | 11 |
| 7.1 | Miljørisikoanalyse | 11 |
| 7.2 | Førebyggjande tiltak..... | 12 |
| 7.3 | Beredskap..... | 12 |
| 7.4 | Varsling av akutt forureining..... | 12 |
| 8 | Avslutting av etterdrift | 12 |



1 Rammer

1.1 Generelt

Ved avslutning av deponiet er det deponert om lag 75 000 m³ avfall over eit areal på om lag 12 500 m².

Krava gitt i dette dokumentet er særskilde juridiske krav til den som til ei kvar tid er godkjent av Statsforvaltaren som ansvarleg. Kommentar/forklaring til enkelte av krava står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng.

1.1.1 Avsluttingsfasen

I avsluttingsfasen er det tillate å nytte eigna avfall eller avfallsbasert masse i samsvar med pkt. 3.1.2 nr. 5 og 3.1.3 nr. 4. Deponering av avfall eller avfallsbasert masse er ikkje tillate.

1.1.2 Etterdriftsfasen

I etterdriftsfasen er det berre tillate å nytte reine naturlege massar under normverdi³ for drift og vedlikehald av deponiarealet.

1.2 Arealbruk

Grunn som er forureina eller der det er deponert avfall skal vere merkt i kommunen sine kart. Oppdatert skisse over slikt areal skal vere registrert i fagsystemet Grunnforurensning (lokalitet 4363 Vedvik avfallsplass). Alle relevante dokument knytt til tilstanden på forureina areal skal registrerast i Grunnforurensning.

Bygge- eller gravearbeid på areal som kan vere forureina, også utanfor der det er deponert avfall, må avklarast med Statsforvaltaren på førehand. Statsforvaltaren er etter dette forureiningsstyresmakt for alle terrengingrep på det forureina arealet.

Tre med røter som kan nå ned under toppdekke kan ikkje vurderast etablert før etterdriftstida er over.

2 Generelle krav

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå deponiet, både utslepp til luft og vatn, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar driftsansvarleg å redusere utsleppa sine, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom dette kravdokumentet.

³ Jf. Vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta, «Normverdier for mest følsom arealbruk»



2.2 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillende prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT⁴-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal den ansvarlege sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal den ansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Den ansvarlege skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 7.4.

2.5 Internkontroll

Den ansvarlege pliktar å etablere internkontroll for etterdrifta i samsvar med gjeldande forskrift⁵. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at krava i dette skrivet vert halde. Internkontrollen skal vere oppdatert i heile etterdriftstida.

Den ansvarlege skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 7.1.

2.6 Nærmiljø

Den ansvarlege skal sikre at ulemper frå forureining, skadedyr, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH⁶ skal ikkje finnast på deponiområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

⁴ BAT er eit felles europeisk omgrep og er forkorting for "best available technics" (beste tilgjengelege teknikkar)

⁵ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

⁶ Risikokategoriane SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH) er omtalt for kvar art i www.artsdatabanken.no.



3 Avslutningsfasen

Avslutningsperioden er tida frå all ordinær deponering av avfall opphøyrer og fram til Statsforvaltaren godkjenner at avsluttingstiltak er ferdigstilt. Avsluttingstiltak skal vere gjennomført og melding sendt til Statsforvaltaren innan 4 år frå i dag.

Avfall, forureina masse, gjenstandar, anlegg og installasjonar (vegar, leidningar, kablar) m.m. som ikkje skal nyttast til avslutting eller etterdrift skal fjernast og leverast til godkjent avfallsanlegg.

3.1 Terrengoverflate

Overflate der det er eller kan vere deponert avfall skal ha varig og jamt fall mot oppsamlingspunkt. Eventuelle setningar skal jamnast ut / fyllast opp utan ugrunna opphald.

3.1.1 Toppdekke

Toppdekket skal vere bygt opp av fleire lag, på ein slik måte at det vert sikra ein stabil struktur og at samanblanding av ulike lag vert unngått. Utforminga av toppdekket skal sikre mot erosjon og så langt råd verte tilpassa framtidig tiltenkt bruk av arealet. Graving i etablert toppdekke eller i deponert avfall er ikkje tillate utan etter særskilt løyve.

Oppbygging av toppdekke skal sikre at

- deponert avfall varig vert liggande under toppdekke utan å kome i konflikt med tiltenkt etterbruk,
- det skjer optimal nedbryting av avfall,
- overvatn frå deponiområdet vert leia til oppsamlingspunkt og vidare til sjø, jf. pkt 3.2,
- emisjon av metan til luft vert redusert til eit minimum.

3.1.2 Utforming med vegetasjonsdekke

Følgjande toppdekke skal nyttast der overflata skal ha vegetasjonsdekke:

1. Øvste lag (vekstlag) min. 60 cm tjukt lag av reine naturlege massar under normverdi med godt vekstpotensial.
2. Etablering ved behov biologisk oksidasjonslag.
3. Drenslag av uorganiske, reine naturlege massar under normverdi min. 30 cm med tilstrekkeleg leiingsevne for overvatn mot oppsamlingspunkt.
4. Tilstrekkeleg tetttingslag av steinfrie massar min. 30 cm, eller ein semipermeabel membran. Laget kan innehalde eigna forureina massar som tilfredsstillar mottakskriteria i kap. 9 i avfallsforskrifta, vedlegg II pkt. 2.1.
5. Dekk- og utjamningsmassar over deponert avfall. Massane kan vere avfallsbaserte massar til og med tilstandsklasse 4, eller innehalde eigna avfall som omtalt i vedlegg II punkt 1.2 bokstav a) i kap. 9 i avfallsforskrifta. Eventuell bruk av betong må tilfredsstillast krava i § 14-a-4 og § 14a-5 i avfallsforskrifta.

Nødvendig masseseparasjonssperrar må etablerast mellom kvart lag. Dersom det er tvil om kriteria er oppfylt, må enkeltspørsmål avklarast med Statsforvaltaren.



Det øvste laget (vekstlaget) må leggest ut på måte som ikkje komprimerer jordlaget. Utlekking av våt jord med tung maskin er ikkje tillate.

I dei bratte sideskråningane skal det leggest på reine naturlege massar under normverdi, og så langt ned i skråninga som det er råd å kome.

3.1.3 Utforming med fast dekke

Følgjande toppdekke skal nyttast der overflata er tiltenkt fast dekke asfalt eller betong:

1. Fast dekke av heil, sprekkfri asfalt, betong eller køyresterk lausmasse. Overvatn skal leiast til oppsamlingspunkt.
2. Tettingslag av steinfrie siltige eller leirhaldige massar min. 40 cm. Laget kan innehalde eigna forureina massar til og med tilstandsklasse 3⁷, med ein hydraulisk konduktivitet på 1×10^7 m/sek eller lågare. Under asfalt eller betong kan tunnare lag kombinerast med ein kunstig membran.
3. Dekk- og utjamningsmassar som omtalt i pkt. 3.2.1 nr. 5.

Nødvendig masseseparasjonssperrer må etablerast mellom kvart lag. Maksimalt kan inntil 60 % av areal der det er deponert avfall dekkast til med fast dekke.

3.2 Overvatn og sigevatn

Reint overvatn skal så langt råd skiljast frå sigevatn og eventuelt forureina overvatn og leiast frå oppsamlingspunkt til sjø utanom sigevasssystemet.

Drenssystem skal ha tilstrekkeleg hydraulisk kapasitet i heile etterdriftstida. Røyr, leidningar, overvasskummar, grøfter, vassinntak og bekkelukkingar skal kontrollerast jamleg, minst årleg. Nødvendige utbetringar må gjennomførast utan ugrunna opphald for å stoppe eller hindre mellom anna tilstoppingar, brot eller overfløyning.

3.2.1 Reint overvatn

Areal der det er deponert avfall skal ikkje ha innsig av overvatn ut over mengd som er utrekna er nyttig for å sikre ønskt nedbryting av avfall i heile etterdriftstida. Overvatn frå drenslaget over deponert avfall skal elles leiast til oppsamlingspunkt og vidare utanom sigevasssystemet til sjø under lågaste lågvassnivå.

3.2.2 Sigevatn og forureina overvatn

Alt forureina overvatn og sigevatn skal samlast opp så langt som praktisk mogeleg og leiast til fjorden. Eksisterande sigevassleidning har utslepp i Sildagapet på om lag 20 m djup.

3.3 Tiltak mot metanemisjon

Metanemisjonen frå overflata til deponiet skal kontrollerast jamleg i samsvar med risikovurdering. Leidningsanlegg og kummar for overvatn, reint vann, sigevatn og el-kablar skal kontrollerast jamleg. Ved måleverdi over 2,5 % metan (CH₄) skal det gjennomførast tiltak for å hindre utslepp av deponigass.

⁷ I samsvar med gjeldande retningsliner for klasseinndeling av forureina jord



3.4 Dokumentasjon

Avslutningsfasen skal godkjennast av Statsforvaltaren i eige vedtak. Når dokumentasjon på avsluttingstiltak er godkjent er det ikkje lenger tillate å handtere avfall utan særskild løyve frå Statsforvaltaren.

Dokumentasjon som grunnlag for godkjente avsluttingstiltak skal minimum omtale:

1. Ajourført kart, mellom anna
 - a. avgrensing av deponiet,
 - b. arrondering (1 m koter),
 - c. endeleg fyllingshøgde (inkludert toppdekke) og hellingsforhold,
 - d. eigedomskart dersom det har skjedd endringar.
2. Ajourførte teikningar og omtale av eksisterande installasjonar og anlegg. Omtale av kva som er nødvendige installasjonar/anlegg for etterdrift, mellom anna
 - a. leidningsnett og oppsamlingspunkt,
 - b. reinseanlegg,
 - c. nøyaktig plassering (koordinatar) av alle prøvepunkt for overvatn, grunnvatn og sigevatn. Alle prøvepunkt skal oppgjevast med ei eintydig merking,
 - d. nøyaktig plassering (koordinatar) av eventuelle målepunkt for setningar. Alle målepunkt skal ha ei eintydig merking.
3. Skildring av alle fysiske tiltak i samband med avslutting, mellom anna
 - a. samansetjing av topplag, skildring av type, storleik og planlagt funksjon,
 - b. utforming av overvassystem for reint vatn,
 - c. utforming av og tiltak for å avgrense, behandle og utleiing av sigevatn,
 - d. eventuelt gassanlegg og andre fysiske installasjonar på overflate,
 - e. om særskilte tiltak mot deponigasseemisjon.
4. Oppsummering av og trendar for sigevatnet sin samansetjing og mengd.
5. Omtale av gassmålingar og trendar.
6. Framlegg til etterdrift, mellom anna
 - a. oversikt over venta kostnader og korleis desse er tenkt dekt,
 - b. plan for drift og vedlikehald av anlegg og tekniske installasjonar,
 - c. plan for arealbruk i etterdriftstida,
 - d. eventuelt forslag til endringar i kontroll og overvakingsprogrammet for etterdriftsfasen.
7. Plan for arealbruk når etterdriftstida er opphøyrd.

4 Etterdrift

Etterdriftsfasen er tida frå godkjent avslutting og fram til tidspunktet der deponert avfall ikkje lenger kan medføre nemneverdige skade på miljø og helse. Etterdriftsfasen skal vare minimum 30 år rekna frå 2010, men skal halde fram så lenge deponert avfall kan representere ein fare eller ulempe for miljø eller helse. Det er ikkje tillate å nytte deponiareal til permanente bygg før etterdriftsfasen er over.

4.1 Toppdekke

Toppdekket skal kontrollerast og utbetrast for setningar, sprekkar, hol og erosjon minimum ein gang i året. Overflata der det er deponert avfall skal ha varig fall mot oppsamlingspunkt for overflatevatn.



Sidekantar og skråningar skal vere varig stabile.

4.2 Overvatn og sigevatn

Systema skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med krav i punkt 3.2.

4.3 Tiltak mot metanemisjon

Metanemisjonen frå overflata til deponiet skal kontrollerast jamleg. Metanemisjon frå leidningsanlegg og kummar for overvatn, reint vann, sigevatn og el-kablar skal kontrollerast jamleg og minimum ein gong i året. Ved måleverdi over 2,5 % metan (CH₄) skal det gjennomførast tiltak for å hindre utslepp av deponigass.

5 Kontroll og overvaking

5.1 Kontroll og overvakingsprogram

Driftsansvarleg skal ha eit kontroll- og overvakingsprogram for utslepp til luft og vatn i samsvar med punkta under, avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg III og Miljødirektoratets rettleiar TA 2077/2005⁸ eller seinare utgåve – så langt anna ikkje er kravd i dette dokumentet.

Oppdatert kontroll- og overvakingsprogram skal inngå i internkontrollen. Eventuelle endringar i programmet må avklarast med Statsforvaltaren på førehand.

I programmet skal inngå relevant gransking av område i Eikefjord som kan vere påverka av utslepp frå deponiet. Gransking skal skje minimum ein gong i avslutningsfasen og deretter minimum kvart 10 år i etterdriftstida.

På bakgrunn av resultatata frå overvakinga og meteorologiske forhold, skal driftsansvarleg utarbeide eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

5.2 Prøvetaking og analyse

Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogeleg realistisk og representativ dokumentasjon på deponiet sine faktiske utslepp. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

Dersom representative meteorologiske data ikkje er tilgjengeleg, må slike data samlast inn ved deponiet som dokumentasjonsgrunnlag for vassbalanse.

⁸ TA 2077/2005: Veileder om overvåking av sigevann fra avfallsdeponier



Analyseresultat for utslepp av sigevatn til sjø skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø, som finst på <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her er også oversikt over informasjon som skal registrerast etter kodeverket til Vannmiljø.

Statsforvaltaren kan krevje endra omfang av måleparameter og hyppigheit ved behov.

5.3 Minimum omfang av analysar

Overvakingssystemet skal omfatte overvatn, grunnvatn og sigevatn og byggje på Miljødirektoratet sin rettleiar TA-2077/2005 eller seinare utgåve. Overvakingstema går fram av tabell 1.

Analysane skal minimum omfatte parameter i tabell 1 og 2 nedanfor. Tungmetall skal i samsvar med rettleiar TA-2077/2005 analyserast på ufiltrerte prøvar som representative blandprøvar. Analyse av parameter som på sikt viser jamne og svært låge nivå, kan etter melding til Statsforvaltaren i årsrapport avsluttast.

Overvakinga skal dokumentere at prosessane i deponert avfall skjer som føresett, og at systema for vern av miljøet fullt ut fungerer. Overvakinga skal også kunne oppdage eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i vasstilførselen til deponiet.

Tabell 1: Krav til minimum prøvetakingsfrekvens for avsluttings- og etterdriftsfasen til deponiet

| Overvakingstema | Prøvetaking, analyse/vurdering |
|--|---|
| Mengd sigevatn | Kontinuerleg, eller kan stipulerast etter tidlegare måleserie og dokumentert vassbalanse |
| Mengd overvatn | Stipulert mengd sidan førre måling |
| Samansetjing av sigevatn | Døgnblandprøve minimum kvar 6. måned |
| Samansetjing av overvatn | Stikkprøve minimum kvar 6. måned |
| Grunnvassbrønnar | Stikkprøve minimum årleg |
| Utvida prøvetaking sigevatn og sigevassediment | Parameteretal skal ta utgangspunkt i omtale i rettleiar TA 2077/2005, men må også inkludere måling av nyare påviste miljøgifter som PFAS Minimum kvart 5. år |

Eventuelle endringar i programmet i etterdriftsperioden må avklarast med Statsforvaltaren i forkant.



Tabell 2: Parameter for analyse av vatn

| Prøvetaking og analyse av sigevatn minimum kvar 6.månad | | | | |
|--|---------------------|-----------------------------------|-----------------------------------|-------------|
| pH | Leiingsevne | Alkalitet | Suspendert stoff eller turbiditet | |
| Arsen (As) | Bly (Pb) | Jarn (Fe) | Kadmium (Cd) | Koppar (Cu) |
| Krom (Cr) | Mangan (Mn) | Nikkel (Ni) | Sink (Zn) | |
| Tot-P | Tot-N | TOC eller KOF _{Mn} | | |
| Fenol | Ije (HOI eller THC) | Sum PAH | | |
| Klorid | | | | |
| Prøvetaking og analyse av overvatn⁹ minimum kvar 6.månad | | | | |
| pH | Leiingsevne | Suspendert stoff eller turbiditet | Jarn (Fe) | Sink (Zn) |
| Tot-N | Klorid | | | |
| Prøvetaking og analyse av grunnvassbrønner minimum årleg | | | | |
| pH | Leiingsevne | Suspendert stoff eller turbiditet | Jarn (Fe) | Sink (Zn) |
| Tot-N | Klorid | | | |

6 Rapportering til Statsforvaltaren

Driftsansvarleg skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna:

- Vatn:
 - mengd og konsentrasjon av forureinande komponentar
 - eigen vurdering av analyseresultata
 - eigen vurdering av behov for endringar
- Deponiet
 - oversikt over setningar og tiltak sidan førre målingar
 - oversikt over overvaking av metanemisjon frå overflata til deponiet og omtale av eventuelle tiltak
- Andre tiltak (vegetasjon, eventuell lukt, framande artar, m.m.)

7 Tiltak for førebygging og beredskap mot forureining

7.1 Miljørisikoanalyse

Driftsansvarleg skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse. Resultata skal vurderast med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal omfatte alle forhold ved avslutting/etterdrift som kan

⁹ Vassig/elv overfor dersom vatn, oppsamlingspunkt frå deponiområdet, i open kum nede ved riksvegen



føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området eller utanfor. Ved endra forhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flaum m.v. og framtidige klimaendringar.

7.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal driftsansvarleg, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsyns- og konsekvensreducerande tiltak. Driftsansvarleg skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

7.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må driftsansvarleg utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 7.1.

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining. Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

7.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁰. Den ansvarlege skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

8 Avslutting av etterdrift

Når resultatet av kontroll- og overvåkingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for menneske eller miljø, kan driftsansvarleg søkje Statsforvaltaren om å avslutte etterdrifta, jf. pkt. 4.

Ved søknad om avslutting av etterdrift skal dokumentasjonen som vart utarbeidd i samsvar med punkt 3.4 oppdaterast dersom det har skjedd endringar. Søknaden må vidare minimum omtale:

1. Oppsummering av analyseresultat og rapporteringsdata for dei fem siste åra.
2. Oversikt som viser gjennomførte avsluttings- og etterdriftstiltak.
3. Risikovurdering av deponiet sin påverknad på menneske og nærmiljøet og faren for framtidige hendingar som kan påverke miljøet og menneske.
4. Omtale av tiltak for å avslutte etterdrift (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerde, oppfylling, planting o.l.).
5. Revidert reguleringsplan med nærare føresegner dersom det har skjedd endringar i etterdriftsperioden.
6. Planlagt arealbruk.

Risikovurdering må gjennomførast av uavhengig tredjepart med kompetanse innan forureina grunn.

¹⁰ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Statsforvaltaren skal ha høve til å inspisere og vurdere anlegget, og må godkjenne dokumentasjon før etterdrift kan avsluttast.